



Kunnskapsdepatetmentet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
200800586-1/545/TAAR

Dykkar ref.:

Bergen, 18. januar 2008

## Høyring - forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2008-2009

Opplæringsdirektøren tek høyringa til etterretning, men har følgjande merknader til § 16 vedk. Grunnstipend og læremiddelstipend.

Opplæringsdirektøren har gjort ei undersøkjing av materialkostnadane på alle vidaregåande skulane i Hordaland som har Studiespesialisering med Formgjeving hausten 2007. "Startpakke" er utstyr og materiell som kvar elev må kjøpa ved skulestart og det må supplerast med meir materiell utover undervisningsåret.

Dei reelle utgiftene til "startpakke" i 2007 var i snitt på om lag kr. 1871,-.

Dette viser at utgiftene er langt større enn det elevane får i stipend frå Lånekassen og som Utdanningsdirektoratet har oppgitt som økonomisk ramme (kr 800). Elevane som går Design og Handverk får over tre gonger meir (kr 2600). Dette er urimeleg når elevgruppene har omtrent same utgifter til materiell.

Det er ikkje timetalet som avgjer utgiftene, men det materialet og utstyret som trengs for ei pedagogisk forsvarleg opplæring i forhold til måla.

Utgiftene aukar også med overgang til Vg2 og Vg3.

Høyringa vert lagt fram for Opplærings- og helseutvalet den 29. januar 2008 og vedtaket vil verte ettersendt.

Forslag til vedtak:

Opplærings- og helseutvalet rår til at stipendet for programma studiespesialisering med formgjevingsfag og medium og kommunikasjon vert auka frå kr. 800,- pr. år til kr. 2.600,- pr. år frå og med skuleåret 2008-2009.

Venleg helsing

  
Svein-Erik Fjeld

  
Inger Øvsthus Tønder